



Lindås Kommune v/Eigedomsavdelinga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4536 - 15/539

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
12.01.2015

## Ferdigattest for bygg B og bygg C Leiknes skule GBnr 195/76 Leiknes

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Lindås Kommune v/Eigedomsavdelinga

**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert [dato]. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 14.11.2014 og supplert 16.12.2014.

### Skildring

|                 |                                    |
|-----------------|------------------------------------|
| Adresse:        | Leknesvegen 117                    |
| Bygningstiltak: | Tilbygg til eksisterande skulebygg |
| Bygningsnummer: | 176281723 2 og 176281723 3         |
| BYA:            | 820 m2                             |

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bygg B og bygg C for Leiknes skule på gnr. 195, bnr. 76.**

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4536 og i historisk database (Ephorte) 2009/1807 og 2013/743.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Norconsult AS v/Waldemar Solheim Pb. 1199

5811

BERGEN

**Mottakarar:**

Lindås Kommune  
v/Eigedomsavdelinga

Kvernhusmyrane 5914  
20

ISDALSTØ